

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 02.12.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Rentebinding av lån til investeringar**

Styresak 003/07 O
Administrerende direktør si orientering pkt 13

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn

I møte den 14. desember 2005 under sak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" blei det gjort greie for prinsippa som blir lagt til grunn for vurdering om eventuell binding av renta på lån til investeringar. I møte den 9. september 2006 blei det under sak 078/06 O gitt ei orientering om dei disposisjonane som er gjort i forhold til rentebinding.


I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det lagt opp til følgjande spreing av renta på lånevolumet:

- Ca 25 % av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen.

Administrerende direktør vil hermed gi ei oppdatering på utviklinga i renta samt dei disponeringane som er gjort i samband med rentesikring.

Kommentarar

Den flytande renta for første halvår 2007 er fastsett til 4,13%. Fastrenta er pr. 1/1-2007 er 4,68 % på 3 års binding, 4,70% på 5 års binding og 4,68 % på 10 års binding. Utviklinga i fast og flytande renta på lån til investeringar kan illustrerast i følgjande diagram:



Som ein ser av tabellen er forskjellen mellom flytande og fast rente redusert i forhold til tidlegare periodar.

Etter ein samla vurdering og i samråd med helseføretaka har Helse Vest pr. 1/1 bunde renta på 5 år for dei lån som blei konvertert til langsiktig lån. Lånebeløpa utgjorde kr 27,6 mill og 209,3 mill. Fordelinga mellom fast og flytande del av låna utgjør no følgjande:

	Saldo	Rente	Fordeling
Serielån tatt opp før 2005	471 086 471	Fast	
Konvertert låneopptak 2005	310 786 809	Fast	
Konvertert låneopptak 2006	27 559 641	Fast	
Konvertert låneopptak 2006	209 255 819	Fast	
Avdrag 2006	-42 163 725		
Sum fastlån	976 525 015	Fast	61,1 %
Vidareført byggelån pr. 1/1-2007	621 227 356	Flytende	38,9 %
SUM	1 597 752 371		100,0 %

Av den samla låneporteføljen til investeringar pr. 1/1-2007 har 38,9 % flytende rente og 61,1 % fast rente.

Når investeringar som er finansiert med byggjelån blir ferdigstilt må det takast stilling til om desse skal ha flytande eller fast rente.

Administrerende direktør vil informere styret i Helse Vest om dei disposisjonane som blir gjort i samband med framtidig rentebinding.